

ETNE KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag 21. september 2015 blei det halde møte i Etne kontrollutval under leing av utvalsleiar Ståle Tungesvik.

MØTESTAD:	Etne Tinghus, formannskapssalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 13.00 – kl. 14.40
MØTANDE MEDLEMER:	Ståle Tungesvik (Sp), Lars Ebne (Krf), Trude Enge (Frp), Ivan Kaldheim (H) og Elisebeth Aasheim (Ap)
FORFALL:	Ingen
MØTANDE VARAMEDLEMER:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN:	Revisorane Kari Hesjedal og Lena Davik Fjørtoft – KPMG AS. Dei gjekk etter handsaming av sak 15/15
ANDRE SOM MØTTE:	Konstituert rådmann Hilde Haraldseide i sak 13/15 og Leiar økonomi Vegard Bang til og med sak 16/15
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Sakene blei handsama i denne rekkefylja: 12, 13, 15, 14, 16, 10 og 11

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 10/15 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 11.05.15

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 11.05.15 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 21.09.15:

Protokollen blei godkjent utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.09.15:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 11.05.15 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 11/15 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 21.09.15

20. Statusrapport pr. september 2015
21. K-styrevedtak 12.05.15, sak 28/15 – Innsparingsprosess 2015 – sparepakke 3
22. KS Bedrift – Offentlige innkjøp blir litt enklere fra 1. juli
23. Kommunal- og mod.dept. – prinsipputtalelse – KUs rett til å være til stede og referere ...
24. Datatilsynet – Gebyr for avvik hos kommuner
25. Bernt svarer – Kan offentlighetsloven brukes for å lukke møter?
26. NKRF overtar sekretariatet for FKT

Handsaming i kontrollutvalet 21.05.15:

Sekretær gjorde greie for referatsakene. Ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.05.15:

Referatsakene 20 - 26 vert tatt til orientering.

SAK 12/15 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2015

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæring for 2015 frå oppdragsansvarleg revisor Willy Hauge – KPMG AS, til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 21.09.15:

Leiar orienterte kort om saka. Utvalet hadde ingen merknader til eigenerklæringa.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.09.15:

Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæring for 2015 frå oppdragsansvarleg revisor Willy Hauge – KPMG AS, til orientering.

SAK 13/15 RAPPORT ETTER FORVALTNINGSREVISJON – «STYRING AV INVESTERINGAR»

Sekretariatet si innstilling:

1. Etne kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport om «Styring av investeringar» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine to tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 21.09.15:

Revisorane Kari Hesjedal og Lena Davik Fjørtoft presenterte rapporten. Fjørtoft gjekk gjennom bakgrunn for rapporten, mandat, formål, hovudfunn og revisor sine vurderingar. Ho gjorde greie for revisjonen sine to tilrådingar.

Det var mange spørsmål og uklarheiter knytt til organisering og leing av investeringar og byggeprosjekt i kommunen.

Medlemmene drøfta innhaldet i rapporten og hadde fleire spørsmål mellom anna om dagens ordning var god nok, erfaring frå andre kommunar, ansvar og organisering, bør dagens ordning evaluerast, retningslinjer og ansvarsdeling. Revisorane og økonomisjefen svara på spørsmåla.

Utvalet var fornøyd med rapporten og revisor sine tilrådingar. Medlemmene støtta framlegget til innstilling og ville ha ei tilføyning under pkt. 2. «rådmannen blir bedt om å evaluere dagens ordning og legge frem sak for kommunestyret om framtidig organisering».

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.09.15:

1. *Etne kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport om «Styring av investeringar» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine to tilrådingar. Rådmannen blir bedt om å evaluere dagens ordning og legge frem sak for kommunestyret om framtidig organisering.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

SAK 14/15 KONTROLL OG TILSYN – BUDSJETT FOR 2016 – UTVALET SITT FRAMLEGG

Sekretariatet si innstilling:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Etne kommune for 2016 vert på i alt **kr 643.000,- eks mva** fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	kr	86.000
Kjøp av sekretærtjenester (teneste 1100 art 13750)	kr	159.000
Kjøp av revisjonstenester (teneste 1100 art 13700)	kr	398.000

Handsaming i kontrollutvalet 21.09.15:

Leiar innleia. Sekretær orienterte om framlegget til budsjett. Kommunestyret sitt vedtak 12.05.15, sak 28/15 var ikkje teke omsyn til i framlegget. I vedtaket har kommunestyret i samanheng med innsparingsprosess 2015 bestemt at budsjettet til selskapskontroll skal reduserast med kr. 50.000.

Medlemmene meinte det var rett og følgje opp kommunestyret sitt vedtak. Framlegget til budsjett blei godkjent med ein reduksjon på kr. 50.000 til kjøp av revisjonstenester (forvaltningsrevisjon og selskapskontroll).

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.09.15:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Etne kommune for 2016 vert på i alt kr 593.000,- eks mva fordelt på følgjande:

<i>Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)</i>	<i>kr</i>	<i>86.000</i>
<i>Kjøp av sekretærtenester (teneste 1100 art 13750)</i>	<i>kr</i>	<i>159.000</i>
<i>Kjøp av revisjonstenester (teneste 1100 art 13700)</i>	<i>kr</i>	<i>348.000</i>

SAK 15/15 EVALUERING AV KONTROLLUTVALET SITT ARBEID I INNEVERANDE PERIODE 2011-2015

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval ber sekretariatet om å samanfatte dei innspela som har kome inn i møtet, og å legge fram referatet til neste møte i kontrollutvalet.

Handsaming i kontrollutvalet 21.09.15:

Evaluerings skjema blei gått igjennom og medlemmene kom med synspunkt, innspel og kommentarar. Sekretariatet vil samanfatte kommentarane og bruka dei som ein del av opplæringa for det nye utvalet i haust.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.09.15:

Etne kontrollutval ber sekretariatet om å samanfatte dei innspela som har kome inn i møtet, og å legge fram referatet til neste møte i kontrollutvalet.

SAK 16/15 VAL AV REVISOR FOR PERIODEN 2016 - 2020

Handsama i lukka møte, jf. kommuneloven § 31.2. Vedlegg 3 og 4 – ikkje offentleg, jf. OFL§ 23.3

Sekretariatet si innstilling:

Etne kommunestyre vel revisjonsselskapet xxxxxxxx som kommunen sin revisor frå 01.07.16 til 30.06.20, og med opsjon for kommunen til å forlengje avtalen med 2 år.

Handsaming i kontrollutvalet 21.09.15:

Revisorane gjekk før handsaming av saka. Vedlegg 4 og 5 blei delt ut og gått igjennom i møtet.

Utvalssekretær gjorde greie for dei tri innkomne anboda. Ut frå vekting av anbodskriteria, er det anbud nr 3 (Deloitte AS) som skårar høgast.

Utvalet meinte KPMG AS hadde vore ein god revisor for kommunen, og gav uttrykk for at det hadde vore ønskjeleg om dei kunne halda fram. Men skilnaden i pris og vektinga viste tydeleg at det var anbud nr 3 som var best.

Utvalet støtta dei vurderingane som sekretariatet hadde gjort, slik det kom fram i anbudsevalueringane i vedlegg 4 og 5, og valde det selskapet som skåra høgast på vektinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.09.15 og innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyre vel revisjonsselskapet Deloitte AS som kommunen sin revisor frå 01.07.16 til 30.06.20, og med opsjon for kommunen til å forlengje avtalen med 2 år.

EVENTUELT

Ingen saker blei meldt.

Møtet ble avslutta med kaffi og kake som Lars Ebne ordna med, grunna hans fødselsdag. Dette var siste møte for utvalet og det ble dermed en hyggelig avslutningsmarkering. Utvalsleiar takka for samarbeidet og blei sjølv takka for si leing av kontrollutvalet. Medlemmane og sekretær takka kvarandre for godt samarbeid.

Neste møte: måndag 23.11.15, kl. 13.00 – nytt utval

Etne/Aksdal, 21. september 2015

Ståle Tungesvik
Kontrollutvalsleiar



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær